

# **KYRKJEBLAD**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 6

OKTOBER 1989

43. årg.

### *I dag*

*En del av mitt liv ligger foran.  
En del av mitt liv ligger bak.  
I går kan jeg ikke forandre,  
men, Herre, jeg ber for i dag.*

*La alle de ting som er ille,  
bli byttet med godhet fra deg.  
Og la alle dem som jeg møter,  
se deg og din omsorg i meg.*

*Å, Herre, om jeg ikke lykkes  
med alle de ønsker jeg har,  
så la meg beholde din glede.  
Å, Herre, jeg ber for i dag.*

*E.E. Janøy*

## STIFTSNYTT FOR BJØRGVIN:

## FORBRUKER—RELIGION?

«FORBRUKAR-SAMFUNN» — det er vel eit av dei mest nådelause, og samstundes eit av dei mest rå-kande namna på den sivilisasjonen me lever i i dag. Eg — ein forbrukar: Det det gjeld, er å krasa til seg mest råd er av kaka. Reklamen, avla i vanheilag sambuarskap mellom dagens teknologi og psykologi, ropar øyra og auga fulle frå alle kantar. Det er så mykje som skin og som sprakar. Livsens mein-ning er «to keep up with the Jones'», som det heiter på amerikansk, «Å vera på høgde med Hansens». Lat oss ikkje gjera oss betre enn me er! Kristne mennesker er på ingen måte urørde av tidskreftene. Me vil gjerne vera like blanke i lakken som dei hine. Vera vellukka, og vera det så det synst at me er vellukka. Status krev status-symbol!

Er me og med og held oppe eit press som sist på fremjar egoisme, ansvarsløyse, naturøyding, ofring av komande generasjonar sin rett til liv og til lukke?

Verst av alt knip det når tankeløysa brikjer i bibelbunad. Når Guds born vert lova heider og herlegdom på alle frontar, og livet med Gud ikkje lenger vert alle tings hovudsak, men eit middel. Haldt deg til Herren for profitten si skuld! At Gud vil borna sine vel, tyder ikkje at han til kvar tid vil stetta ynskje måla deira og at berre det skal koma på som smakar søtt på tunga. Kva for bortskjemde ungar ville det ikkje verda av oss dersom me får seia: «Lat viljen min råda...!» og krevja løysingar i samsvar med lagnaden og over kvarandre? Bøna er gjeven oss for å styrkja Guds makt over oss, ikkje motsett! Kva når så sjølve kristenlivet vert forbrukar-artikkel? Når hovudsak vert å «få» noko som «gjer godt», som kan kjennast, målast, vegast? Har me klårt for oss at når Bibelen talar om «oppbygging», då er det ikkje tenkt på ei kontakt-utbetaling av gode privat-kjensler? Meininga er at byggverket, Guds kyrkjelyd, veks og vert styrkt, og dinæst at eg sjølv, som ein levande stein, vert bygd inn i dette byggverket. «Oppbygging» siktar på heilskap: kyrkjelyden som del av eit verdsomspennande kristensamfunn, gudstenesta her og no som førebuing av Guds skinande æve.

Sårt er i dag å sjå korleis mange kristne jaktar på åndelege forbrukargode med kontant utbetaling: stormande kjensler og søte skjelvingar til å trygda meg mot kvardagen. Truskaen mot den heimlege kyrkjelyd og mot gudstenesta, som har vore vårt folks åndelege ryggrad gjennom hundreåra, er ring. Takka til serlege høve med sensasjonelle song- og musikkrefter og andre spanande attraksjonar! Nye «åndelege sentra» vert borne fram av dei mektige kjensleflaumane, og får forbrukar-kristendomen til å æsa, medan dei gamle gudshusa hamnar i skuggen. Evangelisk-luthersk gudsteneste med skat-pop-marknad. Kvifor leva på flattbrød og surmjølk når det smakar betre med chips-and-cola? Kvifor Luthers gamle katekisme når me kan henta inn amerikanske mirakel-misjonærar pr. video? Me er vartar frå dei tallause ættledane før oss krev for mykje — seier me — han let seg ikkje selja på dagens pop-marknad. Kvifor leva på flattbrød og surmjølk når det smakar betre med chips-and-cola? Kvifor Luthers gamle katekisme når me kan henta inn amerikanske mirakel-misjonærar pr. video? Me er vartar frå dei tallause ættledane før oss krev for mykje — seier me — han let seg ikkje selja på dagens pop-marknad. Kvifor leva på flattbrød og surmjølk når det smakar betre med chips-and-cola? Kvifor Luthers gamle katekisme når me kan henta inn amerikanske mirakel-misjonærar pr. video? Me er vartar frå dei tallause ættledane før oss krev for mykje — seier me — han let seg ikkje selja på dagens pop-marknad.

Kor mykje gildare å samlast der hjarto klappar i same takten så harmoni og hygge er til å ta og føla på? «Bruk og kast!» Det er forbrukar-samfunnet sit valspråk. Er det naudsynt å seia at utfrå Guds ord er denne livshaldninga forkasteleg?

Dykkar Per Lønning.

## EIT BARN — BERRE EIN TABBE ?

Eit ektepar har reist sak mot eit sjukehus fordi dei fekk ein son. Ein son som var frisk og velskapt. Grunnen til søksmålet var at dei hadde ønska abort — og dette vart "mislukka".

Då eg las dette, måtte eg spørja meg sjølv: Kva har lova om fri abort gjort med oss? Kva for haldningar har ho gjeve oss?

Ein gut kjem til å veksa opp. Han skulle ha vore teken av dage. Og foreldra vil ha erstatning for at han lever.

Sjølv har eg høyrte 14-15 år gamle jenter snakka uanfakta saman om kor mange abortar ein kan ta før det vert skadeleg. Og er spør ein gong til: Kva har abortlova gjort med oss?

Den noverande lova gjev "rett" til å ta liv. Det er på tide at vi får ei lov som gjev barnet rett til å leva.

Kjell Arne Norum

For du har skapt mitt indre, du har vove meg i mors liv. Eg takkar deg fordi eg er skapt på skræmleg underfull vis. Underfulle er dine verk, det veit eg så vel. Mine bein var ikkje dulde for deg då eg vart skapt i løyndom og forma djupt i jorda. Du såg meg då eg var eit foster, i di bok vart alt skrivne opp; mine dagar fekk si form før ein einaste av dei var komen. Kor høge dine tankar er, Gud, kor veldig summen av dei! Vil eg telja dei, er dei tallause som sand; kjem eg til endes med det, er eg enno hjå deg.

Salme 139,13-18



GLEDELEG GJENSYN. ÅRETS 50-ÅRSKONFIRMANTAR I VAKSDAL.

## ØNSKEDIKTET

Dette diktet fekk eg tilsendt for ganske lenge sidan. Men innhaldet er alltid like aktuelt.

### NESTEKJÆRLIGHED

Kjære Gud, vi vil dig bede  
mens vi vandrer her på jord:  
Må vi lys og glede sprede  
for vår søster og vår bror.  
Så vi ikke noen såre  
med vårt eget bitre sinn,  
heller kjærleg tørre tåre  
når det flyter på dets kinn.

For du selv i ordet sier:  
Kjære, kom kun hit til mig.  
Lønner vil jeg alle give  
som var tro på livets vei.  
Hvad de gjorde mot de minste,  
det er selve imot mig.  
Lønner skal de aldri miste,  
som er gjort på livets vei.

Da vi bytter kors med kronen  
hjemme i Gud Faders hus,  
hører alltid salig tonen  
i et evig herlig brus  
for det lammet som er slaktet  
for vår store syndenød,  
som på korset hadde maktet  
der oss fri fra evig død.

Lavik i september 1987.  
John Støle.

## KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig  
situasjon og har behov  
for noen å snakke med?  
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra  
kl. 19.00 til 07.00

## Stor samarbeidskonsert

Laurdag 2. desember vert det stor konsert i Dale kyrkje. Det er eit samarbeid mellom orkesteret "Fossegrimen" og eit stort felleskor med medlemmer frå eit prosjektkor på Voss, Trengereid Blandakor, FIDES, Vaksdal Syngjelag, Dale Mannskor og Dale Kyrkjekor.

Dei skal framføra 5 engelske carols (julesongar) i arrangement av David Willcocks, som har vore dirigent for det verdskjende Westminster Abbey Choir i ein mannsalder. Songane er omsett frå engelsk til nynorsk av Johannes Gjerdåker. Magne Myra les bibeltekstar i tilknytning til songane.

I tillegg skal "Fossegrimen" ha ein eigen konsertavdeling. Dei skal framføra "Suite i D-dur" av Johan Sebastian Bach og "Konsert nr. 3 for horn og orkester" av Wolfgang Amadeus Mozart. Solist er Eric Duellert.

Vi oppmodar folk frå heile kommunen til å ta turen til Dale laurdag 2. desember. Klokkeslettet vert kunnngjort i lokalavisene seinare.

### Til ettertanke:



## NYE SOKNERÅD

### SOKNERÅD FOR NESHEIM

Liv Sæther  
Oddvar Fosse  
Ingunn Lønning Gullbrå  
Johanne Nesheim  
Vararepr:  
Anny Gullbrå  
Anny Ekse  
Nils Gullbrå  
Knut Fjellanger  
Hermann Gullbrå

Det vart avgitt 22 røyster,  
derav 1 førehandsrøyst.

### SOKNERÅD FOR VAKSDAL

Per Nordmark  
Wenche Faugstad Bleikli  
Bjørn Knutsen  
Sølvi Hovlandsdal  
Nils Farestveit  
Helge Audestad  
Vararepr:  
Margrete Jamne  
Karsten Audestad  
Jan Ole Hansen  
Åse Kalleklev Moe  
Gunnvor Thomassen

Det vart avgitt 44 røyster,  
derav 11 førehandsrøyster

### SOKNERÅD FOR DALE

Britt Torunn Dalseid Klever  
Robert Rødberg  
Eli Kringlebotten  
Arne Verpelstad  
Reidun Takvam  
Ruth Reigstad  
Vararepr:  
Solfrid Gjermo  
Judith Mjellelid Dale  
Gunnhild Dale  
Jane Simmenes  
Ragnhild Hesjedal

Det vart avgitt 34 røyster.

### SOKNERÅD FOR STAMNES OG EIDSLANDET

Erna Stamnes  
Harald Neset  
Olav Gammersvik  
Karen Johanne Berge Rosvold  
Marit Århus Myster  
Halstein O. Leiren  
Vararepr:  
Elin Møster  
Arne Normann  
Solfrid Hagen  
Johan Neset  
Arild Stamnes

Det vart avgitt 73 røyster, derav  
21 førehandsrøyster

VI ØNSKJER GAMLE OG NYE REPRESENTANTAR LUKKE TIL.  
DEI NYE SOKNERÅDA TEK OVER FRÅ ÅRSSKIFTET.

## AV BARNEMUNN

Det er tidleg morgon. då høyrer eg som vanleg lette barneføter utanfor soveromsdøri og inn kjem Vegard 4 år med eit par bøker under armen.

"Besefar, kan me ikkje sjå Jesusbilete?" "Jau, lille venn". Han kryp opp i den breie dobbeltsengi og tek plass millom bestefar og bestemor. "Kva skal me sjå fyrst?"

Det vert oftast reprise: Frå stal-len i Betlehem, englane og hyrdingane, flukten til Egypt, som 12-åring i temp-let, "templet var Jesus si kyrkja" for-klarar han, vidare då han stilla stormen, brønderet og til slutt inntoget i Jerusalem og den grusomme korsfestelsen. Men han må få med då Jesus stiller stor-men endå ein gong, dette synest han alltid er fantastisk. Mne eg må for-klara at han er allmechtig, han har fått all makt av Gud, og han kan gjera ting som berre Gud kan.

Og so må han sjå biletet av småguten som gjev Jesus dei små fiskane som i Jesu hender vert mat til fleire tusen menneske. Han ser og på når den lame mannen vert firt ned for Jesu føter gjennom eit hol i taket og Jesus lækjer han so han kan gå. Men dette at Jesus vekker opp døde menneske so dei vert levande att, det er toppen. Dette grunnar han lenge på. Og endå meir at Jesus stod opp frå dei døde og opna vegen til himmelen, og at når me trur på han, so skal me og få koma inn der. - Jau, dette er anna til barnemat enn surrogatet Donald.

Onsider lid det so langt at me må stå opp. Men før det er det viktig at det vert lagt merke i boki so me kan fortsetja neste gong.

Dagen går sin vanlege gang. -- Då det lid til kvelds kjem Vegard med spørsmålet "Skal me spela ludo?" Dette er etterkvart blitt tradisjon. I hans alder kan det vera nyttig, for han lærer seg å telja. Til vanleg er det bestemor som spelar med han, men no har ho vore

på sjukehus i 3 viker. Det er gildt å sjå kor glad han vert når han vinn. Men i kveld har det berre skjedd ein gong.

Men under den fjerde runden tek eg til å jamra meg og vri meg på stolen, og so segjer eg: "Det er fælt med den kref-ten, Vegard, eg kan dø." Då ser han på meg og segjer trøystande: "Ja, men då kjem Jesus og vekker deg opatt!"

"For so vil Far min at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal hava æv-elig liv, og at eg skal vekkeja han opp-att på den siste dag." Joh. 6,40

Med helsing  
Jakob Neset



## BARNESIDE



Veit du kva som er den viktigaste boka i verda? Det er Bibelen. Bibelen er ulik alle andre bøker. Det var menneske som skreiv han, men Gud bestemte kva som skulle stå der. Bibelen er Guds ord til oss. Gud veit kva vi menneske treng. Han veit at vi har bruk for hilt mat og mykje meir. Det viktigaste som vi treng står det om i Matteus 4,4:


"Menneske lever ikkje berre av brød, men av kvart ord som kjem frå Guds munn."

Kvifor er Bibelen så viktig? Der møter vi Jesus og kan bli kjende med han. Bibelen fortel at Jesus er vår Frelsar, og at dei som trur på Jesus har evig liv. I Johannes 3,16 står det noko fint. Det verset vert kalla den vesle Bibel. Finn ein Bibel og les det. Kanskje greier du å lara det utenat?



Finn fram ein Bibel.  
I desse bibelorda finn du ulike namn på Jesus  
slå opp og sjå om du finn svara.

1. Johs. 10. 11
2. Luk. 1. 35
3. Johs. 14. 6
4. Matt. 1. 21
5. Johs. 8. 12



Reidun Skurtveit

## Om å lese Bibelen



Mange synes Bibelen er vanskelig å lese.

Mange som åpner Bibelen for å lese, lukker den fort igjen. De synes det er så mye gammel historie og så innfløkte tanker at de gir opp nesten før de har begynt. En bok som ble til for 2-3000 år siden, uttrykker seg på en annen måte enn det som skrives i dag.

Det er dumt å legge Bibelen for fort til side og tro at den er uaktuell og uleselig. Det er den nemlig ikke. Tvert imot oppdager en utholdende leser at den er nær og aktuell og forståelig. Det hjelper å finne et godt startsted og en plan for lesingen. Og ta tid til å lese med ettertanke og oppmerksomhet.

### Ta deg tid

Bibelen kan bråleses i småbiter. Den som er kjent i tekstene, finner fort fram til fortellinger, brev-avsnitt, salmer som gir noe godt og viktig i en

bestemt situasjon. Men den som vil bli kjent med tekstene og forstå dem, må nok ta seg tid til å lese i ro og mak. Bibelen er en bok, ikke en samling smånotiser!

### Les i sammenheng

Siden Bibelen er bok og ikke notiser, er det en fordel å lese den som bok. Det vil si å lese avsnitt mest mulig i sammenheng, og å se etter utgangspunkt og hensikt. Det er da tekstene gir fullstendig mening.

### Se etter bakgrunnsstoff

Det er også viktig å se tekstene på bakgrunn av den tid de er skrevet. Skriftene i Bibelen ble til for 2-3000 år siden i en helt annen kultur enn den vi kjenner. Det gjør dem ekstra interessante! Bibelskriftene har massevis av detaljer som forteller noe om leveforhold, tro, tradisjoner, tanker fra tiden da skriftene ble til. Den som er litt nysgjerrig og oppmerksom, og som tar seg tid til å bruke oppslagsbøker og annet hjelpestoff, får ekstra mye ut av lesestundene.

### Les sammen med andre

Bibelen er ikke bare en bok for alene-lesing. Det er i høy grad en bok å være sammen om. Det er godt å sitte sammen og lese tekster høyt og snakke om dem. Felles leting etter innsikt og opplysninger kan hjelpe til bedre forståelse.

## Ei oppmoding

For snart 4 år sidan fekk vi ny salmebok i kyrkja. Den vart godt motteki. Her er mykje godt og verdfullt, både av nytt og gamalt.

For ei tid sidan las eg at salet går dårleg. Det er få som har kjøpt den nye salmeboka til heimen. Det tykkjer eg er svakt! Frå gamalt av har bibelen og salmeboka høyrte saman som dei viktigaste bøkene i heimen. Det bør dei vera framleis. Vi har råd til kilovis med aviser

kvart år. Innhaldet i dei vert snart gløymt. Salmeboka derimot, er ei berebjelke i vår kristne kultur. Den er ikkje berre ei sangbok, men òg ei god andaktsbok og bønabok.

Ta kontakt med bokhandelen! Der kan dei fortelja om dei ulike utgåvene som er i handelen - med stor eller lita skrift, med eller utan noter osv.

Opp med farten, folkens!

Kjell Arne Norum

## Tankar undervegs

### TANKAR FRÅ EIN BROR PÅ VEGEN

Menneske - du er i sanning eit barn  
- Eit barn som let seg lura,  
av ein slu og listig freistar.

Han kjenner deg - han veit når du er svak  
Om han trong til trening,  
har han hatt nok av generasjonar  
av deg å øva seg på.

Han er ein meister i å pakke inn det  
han lokkar deg med  
Tek du imot "gåva" hans,  
får du ingen ting, - men han tek  
delar av livet ditt.

Han gjer deg fattig og han  
trælbind deg  
Han vil berre felle og blinda deg  
Kvifor tek du imot han?  
Kvifor høyrer du på det han fortel deg?

Du, menneske - som trur dagen  
i dag er alt  
Du, menneskebarn - som seier; Eg  
har ingen Herre,  
- eg har ingen Far.

Kenneth Løtvedt



Det er no blitt meir enn 20 000 abonnentar på Tripp Trapp-pakkane som Dåpsring for heimane gjev ut.

Gud har ei låvat at vi skal få  
ha bara sol og himmel blå.  
Sege førutan kamp eller strid,  
vandring på rosor hela vår tid.  
Men som vår dag er, kraft skal du få,  
det har Gud låvat ge oss endå.  
Ljus på vår vandring, hjelp i vår strid.  
At vara med oss nu och alltid.

Kenneth Løtvedt

## Organist

Den britiske organisten David Robertson, no organist i Alvådal, er tilsett som organist i Vaksdal. Vi ventar no på svar om han tek imot stillinga.

## Har du bil?

Ta andre med deg  
når du køyrer til  
kyrkje!!!



## FAMILIEFEST

Barnelaget og Yngres innbyd til FAMILIEFEST i Vaksdal Bedehus laurdag 4. november kl.16.00. Barna tek del i programmet, og det vert både matøkt og leikar. Både små og store er velkomne!

## DEN NORSKE SJØMANNSMISJON



Den norske Sjømannsmisjon er i år 125 år. I slutten av august høgtida vi generalforsamling og jubileum i Bergen, der vi gledde oss over alt det sjømannsmisjonen har fått gjort i åra som ligg bak. Djupast sett er det Herren sjølv som skal ha takk og æra, noko også Kong Olav streka under i samband med talen til jubilaranten i Håkonshallen 19. aug.

Jubileumsfeiringa sitt høgdepunkt var utan tvil Kong Olavs nærvere denne dagen i Bergen. Han er som kjent Sjømannsmisjonens høge beskyttar, og dertil ein flittig brukar av sjømannskyrkjene våre ute gjennom mange, mange år.

Kva er Den norske Sjømannsmisjon? Som namnet seier, var og er oppgåva å bringa Guds ord og kristen nestekjærligheit til våre sjøfolk i framande hamnebyer. Nettopp difor starta arbeidet opp i 1864, og det er god grunn til å streka under at dei mange tusener av sjøfolk som enno seglar, ventar på den innsats og det arbeid som Sjømannsmisjonen har stått for.

Arbeidet ute ved sjømannskyrkjene har imidlertid aldri vore eksklusiv; knytta kun til våre sjøfolk. Arbeidet blant sjøens folk har oppfostra våre arbeidrarar itil å vera inkluderande og femnande, slik sjølve evangeliet i sin grunnhot er det. Difor har det i alle år vore naturleg at ikkje berre sjøfolk, men alle andre grupper av landsmenn som for stuttare eller lengre tid har opphalde seg i utlandet, har funne sin naturlege stad på kyrkjene våre.

Sjølvsagt har kyrkjene vore og er eit lite stykke Noreg i utlandet. Men målsettinga vår har heile vegen vore at dei som kjem innom kyrkja, ikkje berre skal finna eit lite stykke Noreg, men høyra budskapet om vår Herre Jesus Kristus som Frelsar.

I dag står Sjømannsmisjonen framfor mange oppgåver! Vi er i dag representerte på 32 ulike stader verda rundt, også på våre oljeinstallasjonar i Nordsjøen.

Eg vil gjerne streka under ei gruppe menneske som vi no har teke opp arbeidet blant: nemleg dei mange pensjonerte nordmenn som i lengre perioder oppheld seg ulike stader i Syden. Den nyttilsette presten, Rune Birkeland på Gran Canaria, kunne under jubileet i Bergen gledesstrålande fortelja om menneske som søker sjelesorg og møter mannjamnt opp til samlingar der Guds ord vert forkynt.

Sjømannsmisjonen er ein sjølvstendig kristen luthersk organisasjon innan kyrkja vår. Det arbeid vi driv i utlandet, er djupast sett eit arbeid på vegne av lokalkyrkjelydane rundt om i Noreg. Det kristenansvar som de har for dykkar døypte medlemar, påtek vi oss medan desse er i utlandet.

Difor er det med stor glede eg ser fram til å koma til Vaksdal prestegjeld og vera med under gudstenesta i Dalekvam søndag 3. desember kl. 11, og i Eidslandet same dag kl. 17.

Guds rike signing til kvar einskild av dykk.

Med venleg helsing

*Arne O. Øystese*  
Arne O. Øystese  
heimesekretær

## SLEKTERS GANG

### Avlidne



#### DALE


13.09. Alla Jakobsson f.1906  
02.10. Andreas Sundsbakk f.1940  
09.10. Anna Marie Takvam f.1907

#### EIDSLAND

29.09. Ingvald Møster f.1922

#### VAKSDAL

11.09. Edvard Faugstad f.1904  
15.09. Gudrun Larsen f.1899  
20.09. Knut Jacobsen f.1954  
02.10. Gerd Anette Knutsen f.1938  
03.10. Elise Herfindal Ulevik f.1989



SLÅ PÅ TRÅDEN  
eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.  
Frist for innlevering av stoff til julenummeret er 12. november.  
Tove Margrete

### Døypte



#### DALE

24.09. Jonny Boge  
24.09. Rikke Caroline Eikevik  
24.09. Jannicke Sandvik

#### STAMNES


10.09. Jone Simmenes  
15.10. Terje Langeland

#### EKSINGEDALEN

24.09. Janne Helen Furevikstrand

#### VAKSDAL

01.10. Ingvild Jacobsen Erstad  
01.10. Linda Veronica Steinsbø  
15.10. Beate Elisabet Samuelsen Nilsson



# Er du gravid!

og ønsker noen å snakke med?

Ring  
(05) 32 56 77

- Gratis graviditetstest
- Medisinsk veiledning
- Rådgivningssamtale
- Råd om støtteordninger

## aan

ALTERNATIV TIL ABORT I NORGE

Rådgivningskontoret for gravide  
mandag til fredag 09.00-16.00.  
Strandgt. 6, 4. etg. - BERGEN

# VELKOMEN TIL KYRKJE



## 5.november - Helgemessesøndag

STAMNES kl.11.Meidell.Nattverd.Offer  
til Nordhordland Indremisjon.

BERGSDALEN kl.11.Norum.Nattverd.Sokne-  
rådsval.Offer til Hardanger og Voss  
Prostiråd.

EIDSLAND kl.17.Meidell.Nattverd.  
Offer til Det norske Bibelselskap.

## 12.november - 26.søndag etter pinse

DALE Kl.11. Fam.gudst.Prost Knudsen  
og Norum."Barnas Kyrkjebok" til  
4 åringar.Offer til KFUK/KFUM.

VAKSDAL kl.18. Fam.gudst.Prost Knudsen  
og Meidell.Offer Hjemmenes Dåpsring.

## 19.nov. - 27.søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Fam.gudst.Norum.  
"Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.  
Offer til Bjørgvin Bispedømmeråd.

## 26.november - Siste Sønd.i kyrkjåret.

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd. Offer  
til Nordhordland Indremisjon.

EKSINGEDALEN Kl.11. Meidell.Nattverd.  
Offer til Hjemmenes Dåpsring.

STAMNES kl.17. Norum.Nattverd.Offer  
til Norges Kristelige Student og  
skoleungdomslag.

## Laurdag 2.desember

DALE - Konsert.Sjå omtale i bladet.

## 3.desember - 1.søndag i advent

DALE kl.11.Meidell og Arne Øystese.  
Nattverd.Offer til Den Norske Sjø-  
mannsmisjon.

EIDSLAND kl.17.Meidell og Arne Øystese.  
Nattverd.Offer til Den Norske Sjø-  
mannsmisjon.

## Laurdag 9.desember

BERGSDALEN kl.16.Lysmesse.Norum.

## 10.desember - 2.søndag i advent

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.  
Offer til Misjon bak jernteppet.

VAKSDAL kl.18.Lysmesse.Norum

## Laurdag 16.desember

STAMNES kl.18.Lysmesse/konsert.  
Meidell.

## 17.desember - 3.søndag i advent

DALE kl.18. Lysmesse/konsert.Norum.

VAKSDAL kl.18.Julekonsert.Meidell.  
Offer til Orgelfondet.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 50,-  
Postgiro 5 72 34 73  
Bankgiro 3500.50.13117  
Bladstyrar: Tove Margrete  
Nordmark, Boge,  
5270 Vaksdal  
tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,  
Boge, 5270 Vaksdal  
tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese  
tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese